

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/1124-6

Skriv og meldingar 27. november 2019 - hovudsamarbeidsutvalet

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Meldesak 1) Status regionreforma

- ✓ [Det blir fortløpande lagt ut informasjon om regionreforma på vårt intranett.](#)
- ✓ [Sjå «Treffpunkt Vestland» her](#)
- ✓ [Vestland fylkeskommune](#)
- ✓ [Allmøte 5. november](#)
- ✓ [Presentasjon frå allmøtet 5. november](#)

Meldesak 2) Frå PORTALEN - nyhende frå Personal

- ✓ **STAMINA HELSE AS blir BHT for Vestland fylkeskommune.**
 - Det er avgjort av Stamina Helse AS vert vår leverandør av bedriftshelsetenester (BHT) også for Vestland fylkeskommune. Samordning og implementering vil bli gjennomført snarleg og utover i 1. kvartal 2020.
- ✓ **Pensjonsråd til KLP-medlemmar fødde i 1963 og seinare.**
 - No er pensjonsvegleiaren på Min Side oppdatert for alle dykk som er fødd i 1963 og seinare. Her får du eit pensjonsanslag og informasjon basert på dei nye endra reglane. KLP og Frm-personal råder alle tilsette hjå oss om å logge seg inn på Min Side og sjekke pensjonen din.
- ✓ **I dag (10.10.2019) markerer vi verdsdagen for psykisk helse.**
 - STAMINA NYTT oktober 2019. Vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS set verdsdagen for psykisk helse på dagsorden. Dei legg her ut rapportar, fagtekstar og videoar om dette viktige emnet. Dette er noko som vedkjem oss alle, på alle arbeidsplassar og i alle samanhengar der vi lever 24-7.
- ✓ **Seinkarrierekurs 2019**
 - I samarbeid mellom Frm-personal, Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) tilbyr vi no eit dagskurs for deg/dine medarbeidarar som er i målgruppa. Tilbodsbrevet vert sendt ut i dag.
- ✓ **Reinhaldarseminaret 2019 i Sogndal**
 - Årets reinhaldarseminar vert den siste milepålen for denne viktige faggruppa i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Men fortvil ikkje – det blir ei spennande framtid i nye Vestland fylkeskommune, der reinhaldarane vert organiserte under bygge- og eigedomstenesta. Det kan berre bli bra! Vi må informere dykk alle ordentleg, og denne samlinga vil ha preg av det nye. Som vanleg stiller vi opp ei fagmesse, og det vert føredrag om faget og om det å jobbe i lag, samhandling utan konflikhtar. Meir informasjon blir sendt ut til einingane.
 - Seminaret i år blir på Quality Hotel Sogndal 24. og 25. oktober eit lunsj eit lunsj-til-lunsj-seminar, der vi håpar dei aller fleste vil overnatte sjølv om reiseavstanden blir kort for nokre av dykk.
- ✓ **IA-nytt frå NAV arbeidslivssenter vestland**

- Ekspertbistand - nytt økonomisk verkemiddel. Arbeidsgjevar kan no få innvilga eit tilskott til ekspertbistand for å redusere sjukefråværet for enkeltpersonar. I den nye IA-avtala for perioden 2019 - 2022 er heile arbeidslivet omfatta av avtalen. Som ein del av IA-avtalen blei det innført eit nytt økonomisk verkemiddel frå september kalla tilskott til ekspertbistand.
- ✓ **Nytt 40-timarskurs i kjømda!**
 - Det vert no invitert til nytt grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap, det såkalla førtitimarskurset. Kursstaden vert i år på Quality Hotel Sogndal. Kurset er som tidlegare delt i to modular à to dagar og vil bli tilbydd dagane 31. oktober og 1. november med vidare oppfølging 14. og 15. november.
- ✓ **STAMINANYTT august 2019**
 - Vår leverandør av bedriftshelsetenester - Stamina Helse AS - sender no ut nyhende med tilbod og råd innan fagfeltet. Eventuelle interesser for tilboda må klarerast med Frm-personal v/A. Stenehjem. Varig redusert sjukefråvær, ein utopi?
 - Video debatt: Forstår vi samhengane mellom god leing og sjukefråvær?
 - Norsk jobbhelse rapport
 - STAMI: Bra arbeidsmiljø er bra for business
- ✓ **Arbeidslivskonferanse i Sogn 2. oktober i Sogndal**
 - Kan vi lære av verksemder og bedrifter som gjer det bra? Det er klart! Kom å plukk med deg idear og erfaringane Lærum AS, NTP, Vik kommune, Tide Buss, Høgskulen, Helse Førde, Sogn regionråd NAV og fylkeskommunen har gjort seg. Påmeldingsfristen er fredag 26. september, og møtestaden er Sogndal kulturhus 2. oktober 2019 klokka 9.30 til 15.30 med innlagt gratis lunsj.
- ✓ **Endringar i avgjerdene om varsling**
 - Endringane i lova tek til å gjelde 1. Januar 2020 og betyr viktige presiseringar og konkretiseringar, først og fremst av omgrepa «kritikkverdige forhold», «forsvarlig fremgangsmåte» og «gjengjeldelse». Målet er å gjere det tydelege og enklare for verksemdene å følgje avgjerdene. Endringa er også med i arbeidsmiljøloven sin formålsparagraf (§ 1-1). I paragrafen sin bokstav C heiter det no at loven sitt føremål er: "å legge til rette for et godt yringsklima i virksomheten".
- ✓ **Nytt om ting-, personal- og elevforsikringar!**
 - Vi har no fått ny forsikringsmeklar som også vil vere den som skal samarbeide med oss i nye Vestland fylkeskommune. Ver god å informer dette til alle tilsette og gjerne som ein skriv & melding til LAMU. Kontaktpersonane i sentraladministrasjonen er som før Geir Afdal på tingskade, Arvid Stenehjem og Inger Karin Slinde på elev- og personalforsikringar.

Meldesak 3) Oversikt og status leveranse frå Stamina Bedriftshelseteneste

Vald og trakassering

BHT held fram med undervisning og risikovurderingar kring vald og trugsmål i dei vidaregåande skulane vår. Følgjande status kan meldast. Ved Måløy vidaregåande skule er det gitt undervisning og oppstart risikovurdering, Ved Dale vg skule er det gjennomført undervisning for spes.ped tilsette, Ved Stryn vg skule er det gjennomført undervisning og risikovurdering, Det same er gjennomført ved Årdal. Ved Høyanger vg skule er undervisnings delen gjennomført.

Helsekontrollar

Helsekontroll for lærarar med eksponeringar, reinhaldspersonell, kantine tilsette på vidaregåande skular og andre bygg.

- Stryn vgs; 2019

- Måløy vgs; 2018
- Firda vgs; 2019
- Høyanger vgs; 2019
- Mo og Øyrane avd Mo og avd Øyrane; 2018
- Sogndal vgs; 2018 (kun reinhald) lærarar skal inn i 2019
- Årdal vgs; 2018
- Eid vgs; 2018
- Flora vgs 2017
- Dale vgs; 2016 (skal inn i 2019)
- Hafstad vgs; 2018
- Sogn Jord og hagebrukskule; 2018
- Bygg og eigedom; Driftsteknikar eiga bestilling og utført helsekontroll og yrkesvaksinar på dei ulike skulane/bygga ila 2019.

Førstehjelpskurs;

2019:

- 2 kurs Mo og Øyrane vgs
- Bygge- og eigendomstenesta
- 2 kurs Sogndal vgs

2018:

- 3 kurs Dale vgs
- 2 kurs Firda vgs
- 3 kurs Sogn Jord- og hagebrukskule
- Bygge- og eigendomstenesta

2017:

- Høyanger vgs
- Kultur
- Eit på Leikanger for SFFK (overordna)

Leveranserapport Stamina Helse

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Rapportdato: 06.11.2019

Behandling	Antall	Sum Levert	% av total
Volum	632,50	594 577	100,0 %
Arbeidshelse	19,75	16 636	2,8 %
Arbeidsmiljøkartlegging	59,25	47 707	8,0 %
Ergonomi	72,00	58 968	9,9 %
Helsekontroll (HK)	36,50	45 544	7,7 %
Kurs	6,00	45 850	7,7 %
Psykososialt og organisatorisk	72,00	58 968	9,9 %
Rus og avhengighet	0,50	410	0,1 %
Sykefravær	12,50	10 238	1,7 %
Systematisk HMS arbeid	291,00	257 797	43,4 %
Yrkeshygiene	63,00	52 461	8,8 %
Grand Total	632,50	594 577	100,0 %

Meldesak 4) Eigenrapport om trakassering og utilbørleg oppførsel

Opplæringsavdelinga har gjennomført ei kartlegging i dei vidaregåande skulane. Dette m.a. med bakgrunn i årsrapporten frå LAMU for året 2018. Det har til no komme inn svar frå fire einingar. Svara som er leverte er lista i tabellen under.

	2018	2019
Måløy	Feilrapportering. Saka var frå 2017. Ingen saker i 2018.	Ingen kjende saker.

Eid	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Stryn	Sak der kvinneleg lærar meinte ho vart trakassert av elevar. Saka er følgt opp etter rutinane.	Meldt inn fleire tilfelle av utilbørleg oppførsel i form av munnbruk frå ein person mot kollegaer. Følgt opp som personalsak.
Firda	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Hafstad	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Mo og Øyrane	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Flora	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Dale	Dale vgs har i årsrapporten for LAMU 2018 meldt inn éi sak som gjeld utilbørleg oppførsel i omgang med andre. Dette gjeld ein person som kan reagere med ukontrollert sinne og svært uhøfleg ordbruk i ulike situasjonar, t.d. om vedkommande får arbeidsoppgåver ho ikkje ynskjer. Følgt opp som personalsak .	Ingen kjende saker.
Høyanger	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
Sogndal	Det vart frå Sogndal vgs si side rapportert om to tilfelle av «utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen» i årsrapporten frå LAMU for 2018/19. Begge sakene vart handtert etter rutinane våre og vart informert om i LAMU. Desse førte til to personalsaker. Begge desse sakene kan plasserast under kategoriane utilbørleg oppførsel og til dels trakassering av kollegaer.	Med unntak av oppførselen frå ein av desse tilsette har det ikkje vert andre saker som har vorte rapportert om i 2019.
Årdal	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.
SJH	Ikkje rapportert	Ingen kjende saker.